



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Utvalet for oppvekst og omsorg  
**Møtedato:** 05.12.2012  
**Møtetid:** 15:00 -  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [adm@samnanger.kommune.no](mailto:adm@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

leiar av utval

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
029/12	12/699	Faste saker	
030/12	12/172	Fordeling av kulturmidlar til prosjekt og tilskipingar	

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 12/699	<b>Løpenr:</b> 12/6322
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	05.12.2012	029/12	MS

### FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerede vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

### Oversikt delegerede vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerede vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Arnved Soldal Lund	<b>Arkivkode:</b> FE-233, FA-C00
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/172	<b>Løpenr:</b> 12/6259
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	05.12.2012	030/12	ASL

## FORDELING AV KULTURMIDLAR TIL PROSJEKT OG TILSKIPINGAR

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst og omsorg vedtar fordelinga

---

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Retningslinjer for tildeling  
Søknadene

---

**Kva saka gjeld:**

Det skal vedtas kulturmidlar til prosjekt og tilskipingar.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Det har kome inn 13 søknader frå ni søkarar på til saman kr 351 000.

I retningslinjene for tildeling heiter det i avsnittet ”Tilskot til tilskipingar, prosjekt, kultur og fritidsaktivitetar for funksjonshemma” at midlane ikkje skal brukast til ”reine investeringar”. Kva som er ”reine investeringar” er ikkje vidare definert.

I søknaden frå Tysse skyttarlag er me i tvil om søknaden faller under ”reine investeringar” eller om det er eit prosjekt. Dei har definert det som eit prosjekt, men delar av søknaden (utskifting av kulefangarar) kan sjåast på som ein rein investering. Sidan det berre er ein del av prosjektet har me valt å la tvilen kome dei til gode.

Kven	Kva	Søknad	Innstilling
<b>1500.2310 Barne og ungdomsarbeid</b>			
Samnanger skulemusikklag	Instruktørutgifter seminar	18 000	9 000
URD ungdomslag	Ungdomsklubb - utstyr	22 000	13 000
Tveit ungdomslag	Juletreffest	2 000	2 000
URD ungdomslag	Juleverkstad	5 000	5 000
URD ungdomslag	Juletreffest	4 000	4 000
Nordbygda ungdomslag	Juletreffest	5 000	5 000
		<b>56 000</b>	<b>38 000</b>
<b>1500.3650 Kulturminnevern</b>			
Bjarne Øvredal	Helikoptertransport av Botnehytta	10 000	0
		<b>10 000</b>	
<b>1500.3770 Kunstformidling</b>			
Tysse og Nordbygda musikklag	Konsert	10 000	7 000
		<b>10 000</b>	<b>7 000</b>
<b>1500.3803 Idrettsarbeid</b>			
Tysse skyttarlag	HMS og trivsel skytebane	17 000	12 000
Nordbygda ungdomslag	Sti rundt Nordvikvatnet	19 000	19 000
		<b>36 000</b>	<b>31 000</b>
<b>1500.3851 Samfunnshus</b>			
Nordbygda ungdomslag	Utsifting av lysarmatur i sal i Grendehuset	77 000	0
Samnanger båtforening	Bølgjedempar	155 000	0
		<b>232 000</b>	<b>0</b>
<b>1500.3854 Øvrige kulturformål</b>			
Bjørkheim velforening	Støtte til sikring av lysa på Paviljongen	7 000	0
		<b>7 000</b>	<b>0</b>
		351 000	76 000

Grunngeving for søknader som ikkje har fått tilskot:

#### **Samnanger båtforening - bølgjedempar**

Samnanger båtforening søker om tilskot til innkjøp av bølgjedempar til opplagsplass i Gjerdsvika. I retningslinene for tildeling står det i "Tilskot til tilskipingar, prosjekt, kultur og fritidsaktivitetar for funksjonshemma" at det ikkje blir gjeve tilskot til reine investeringar. Denne søknaden kan då ikkje få tilskot.

#### **Bjørkheim Velforeining – Samnangerprisen og sikring av lys i paviljongen**

Bjørkheim Velforeining søker om to tilskot: bidrag til Samnangerprisen og støtte til sikring av lysa på Paviljongen. Bjørkheim Velforeining er ein interesseorganisasjon for handel og servicenæringane på Bjørkheimområdet i Samnanger.

Eining for kultur meiner at Samnangerprisen ikkje er eit kulturtiltak, men eit tiltak innanfor omdømme. Samnangerprisen må òg sjåast som ein del av den vanlege drifta til Bjørkheim Velforeining, og ikkje som eit prosjekt eller ein tilskiping.

Vedlikeholdet av paviljongen blei overført frå Eining for kultur til Teknisk eining i 2012. Det er satt av midlar til vedlikehald på budsjettet til Teknisk eining. Det er då ikkje behov for å bruka av kulturmidlane til dette.

#### **Bjarne Øvredal – Helikoptertransport av Botnehytta**

Det er per dags dato fleire uavklarte moment i denne saka. Det er i tillegg ei konflikt mellom grunneigar av tomta kor hytta står og dei som ynskjer å bevare hytta. Samnanger kommune vil avklare sitt standpunkt om kva som bør skje med Botnehytta i kommunaldelplan for kulturminne. Eining for kultur vil anbefale at det søkast på nytt når ein har avklart alt.

#### **Nordbygda ungdomslag – Utsifting av lysarmatur**

Denne søknaden går ikkje under prosjekt eller tilskiping, men tilskot til lagshus. Eining for kultur vil anbefale at Nordbygda ungdomslag søker igjen til våren 2013.